



Voss DPS  
NKS Bjørkeli


# Årsmelding 2021

Voss DPS NKS Bjørkeli

# Voss DPS NKS Bjørkeli

Voss DPS NKS Bjørkeli A/S (Voss DPS) gjev tilbod om utgreiing og behandling av personar over 18 år med psykiske lidingar. Opptaksområdet vårt i 2021 var kommunane Voss, Vaksdal, Kvam, Ulvik og Eidfjord. Til saman utgjer dette ca. 24.000 vaksne, fordelt på eit geografisk areal på 5,500km<sup>2</sup>.

Organisasjonskartet såg slik ut i 2021:



Musikkrommet

med kvalitetsforbetring, og me har gode system som tek hand om rapportering og oppfølging av avvik. Voss DPS har Kvalitets og pasientsikkerhetsutval (KPU) som ledd i kvalitetskontrollen. Det var 4 møter i KPU i 2021.

Det vart i 2021 registrert til saman 88 avvik og 16 forbetningsmeldingar ved Voss DPS.

Styret i Voss DPS er leia av styreleiar Ragnhild Skjerveggen. Direktør ved senteret er Frédéric Larsen. Voss DPS har driftsavtale med Helse Vest RHF. Voss DPS er eigd av N.K.S. Vestland-Sør

## Aktivitet 2019

	Tilvisingar	Konsultasjonar/ Utskrivingar	Snitt liggetid (dagar)
Poliklinikkane	-	10335	-
Døgn (12 senger)	-	147	20
Sum	728	-	-

Vi opplevde ei auke på 25% i antall tilvisingar samanlikna med førre år.

## Brukarstyrt plass

Voss DPS har tilbod om brukarstyrt plass der pasientane sjølv kan ta kontakt for ei kortvarig innlegging utan tilvising frå lege. 14 pasientar hadde avtale om brukarstyrt plass i 2021. Det var 26 brukarstyrt innleggingar.

## Brukarutval

Voss DPS har brukarutval der 2 brukarar er faste medlem. I tillegg vert pasientar ved døgnavdelinga inviterte med på møta. 2 tilsette er medlem. Utvalet tek opp saker som gjeld tilbodet ved Voss DPS og kjem med forslag til endringar og forbetringar. Utvalet fungerer som eit rådgjevande organ for Voss DPS. Det var 3 møter i brukarutvalet i 2021.

## Kvalitet

Voss DPS har fokus på kvalitet i tenestene og skal levera på gjeldande kvalitetsindikatorar. Det vert arbeidd kontinuerleg

## Helse- miljø og sikkerheit

Vernetenesta ved Voss DPS har 3 verneombod. Siv Iren Helle er hovudverneombod. AMU hadde 4 møter i 2021. Bedriftshelse1 deltek på møta i AMU. Det er utarbeidd eigen årsmelding for AMU-arbeidet.

## Studentar i praksis

Vi har hatt fire sjukepleiarstudentar, fire legestudentar, ein sosionomstudent og ein musikkterapeut i praksis i 2021.

## Tilsettingar

I 2021 tilsette me psykologane Anders Geertsen og Mari Ese. Lege Jonas Bucher starta i eit 6 måneders vikariat i samband med spesialisering som allmennlege.

## Poliklinikkane

Avdelingsleiar: Cathrine Stue Børhaug

Avdelinga har 2 seksjonar: Allmennpsykiatrisk poliklinikk med gruppeteam og Rehabiliteringspoliklinikken. Desse har kvar sin teamleiar, høvesvis Bjørg Synnøve Aasan og Sigrid Denver. Tidlegare var gruppepoliklinikken eiga seksjon, men er no innlemma i allmennpoliklinikken. Overlege Synnøve Klette er koordinator for gruppteamet.

Avdelinga har ei tverrfagleg samansettning av lege, psykolog, ergoterapeut, klinisk sosionom, sjukepleiar og vernepleiar, alle med ulike vidareutdanningar.

## Døgnavdeling:

Avdelingsleiar: Anne Kari Gjeraker

Døgnavdelinga er ei allmennpsykiatrisk avdeling med 12 senger. Behandlingstilbod er kartlegging /diagnostisering, medisinvurdering, korte stabiliseringssopphald, miljøterapi og individuell terapi. Behandlinga er individuelt tilpassa. Det vert jobba med å laga målretta og gode behandlingsplanar i tett samarbeid med pasienten.

## Open dag

I samband med verdensdagen for psykisk helse arrangerte me open dag den 5. oktober 2021 med omvisning, underhaldning og informasjon, samt mat og drikke. Det var mange fremmøtte, spesielt frå nablaget, og stemninga vart god. Dette er et eit bidrag til meir openheit rundt psykiske lidinger og for å redusere stigma rundt psykisk helse.

## Nytt musikkrom

Nytt musikkrom sto ferdig i 2021. Vaktmester Steinar Kvarme og musikkterapeut Tor Øyel Bidne Kvitne har samarbeidet om utforming.

## Miljø

I 2021 har me starta arbeidet med miljøkartlegging med mål om å bli miljøsertifisert som Miljøfyrtårn i 2022. Meir informasjon om dette, inkludert miljørapporatar, vil publiserast på våre heimesidar.

## Covid-19

Pandemien var framleis aktuell i 2021. Me har hatt fokus på interne rutinar og vaksinasjon av tilsette. Me har hatt eit godt samarbeid med Helse Bergen, både lokalt med Voss Sjukehus, og sentralt ved Divisjon psykisk helsevern.

Som informasjonskanaler har me nyttet nyheitsbrev, intranett, internett, sms, personalmøter og allmøter. Me har hatt utstrakt bruk av video- og telefonkonsultasjonar også i 2021.

## Implementering av kunnskapsbasert traumebehandling

I samarbeid med Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatiske stress (NKVTS) implementeres kunnskapsbasert traumebehandling i allmennpoliklinikken ved Voss DPS. De kunnskapsbaserte metodane er EMDR (Eye Movement Desensitization and Reprocessing) og CT-PTSD (kognitiv terapi retta mot PTSD). Åtte behandlerar har fått opplæring, fire per metode. Disse er: Andreas Dulsrød, Anders Geertsen, Marte Monsen, Mari Ese (EMDR) og Siv Iren Helle, Karoline Haugsdal, Runa Gyldenkrog og Linda Skaar (CT-PTSD).

## IPS

IPS er et tilbod som har som mål å skaffa ordinært arbeid for pasientar som ynskjer å koma ut i arbeidslivet. Prosjektet er et samarbeid mellom Voss DPS, Nav Voss og Nav Kvam. Prosjektet går over 3 år med mål om å vere eit fullverdig integrert tilbod i drifta etter endt prosjektperiode. 2021 var det 2. året i prosjektperioden.

## Styret ved Voss DPS NKS Bjørkeli AS, etter generalforsamling, 03.06.2021

Ragnhild Skjerveggen (styreleiar)

Olaug Borge (nestleiar/styremedlem)

Bjørg Wiers (styremedlem)

Marianne Bergtun (styremedlem)

Annbjørg Laupsa (styremedlem)

Steinar Kvarme (styremedlem, valt av dei tilsette)

Andrea Weme (styremedlem, valt av dei tilsette)

Det vart 4 styremøter i 2021.

## Voss DPS NKS Bjørkeli, DATO 2022

Frédéric Larsen

Direktør

I musikkrommet finst det noko for einkvar smak



## Resultatrekneskap

	2021	2020
Driftstilskot Helse Vest	72 738 756	68 477 000
Andre inntekter/refusjonar	6 977 800	7 227 942
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>79 716 556</b>	<b>75 704 942</b>
Pasientkostnader	825 242	3 630 379
Lønskostnader m.m.	65 000 393	60 687 759
Avskriving på driftsmidlar	2 858 302	2 813 342
Andre driftskostnader	5 218 950	5 462 260
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>73 902 887</b>	<b>72 593 740</b>
Driftsresultat	5 813 669	3 111 202
Resultat finanspostar	1 211 407	1 521 423
Årsresultat	4 602 262	1 589 779



Voss DPS NKS Bjørkeli  
Bjørkelivegen 27, 5705 Voss  
Telefon 56 51 40 00  
post@bjorkeli.no / www.bjorkeli.no  
org.nr. 916 270 097